

Oversikt innkomne søknadar 2018

	Kulturminne	Tiltak	Dispensasjon/ verneverdi	Vurdering	Totalsum	Søknadssum / framlegg til tildeling
	Parken, S. Kloumanns alle 7 Sak 17/5613 dok 3 Askeladden id: 87361-4	Utskifting av verandadør i 1. etasje og vindauga i 2. etasje på fasaden mot fjorden. Dekking av meirkostnadar ved å få laga ny dør og nytt vindauga.	Gitt	Eigar søker om å få dekkja meirkostnadar som fylje av krav sett i gitt dispensasjon frå vedtak om freding. Fylkesdirektøren si vurdering er at søknaden må etterkomast jf. Lov om kulturminne § 15a.	74 644	Omsøkt sum: 57 697,- kr Framlegg til tildeling: 50 000,- kr
	Hotel Mundal Sak 17/8471 dok 1 Askeladden id: 230772 - 1	Reparasjon av tak og takkonstruksjon.	Bygningen er under freding.	Taket har TG 3 Taket har ein svært dårleg tilstand så sperrene er angrepen av husbukk og i tillegg må hellene leggast om og manglande heller supplerast. Grunna den kritiske tilstanden på taket er det nødvendig å få reparert det snarast. Tiltaket har i HNK-sak 56/17 fått tildelt eit tilskot på kr. 1 285 000,-, av desse kr. 1 000 000,- frå førehandsløyvinga for 2018, men det er behov for ytterlegare tilskot for å få gjennomført arbeidet. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet.	7 800 000	Omsøkt sum: 2 515 000,- kr Framlegg til tildeling: 2 500 000,- kr
	Bunker ved Måløyraid Senteret	Bygging av tørrskogang mellom heradshuset som huser Måløyraid senteret og bunkeren bak senteret.	Bygningen er ikkje freda	Søknaden omhandlar nytt bygg. Det kan ikkje gjevast tilskot til nybygg frå post 71.	395 000	Omsøkt sum: 345 000,- kr

Sak 16/15 dok 19			Fylkesdirektøren tilrår at søknaden vert avslegen.		Framlegg til tildeling: 0,- kr
Bispestova i Lavik Sak 17/3935 dok 9 Askeladden id: 87363-2	Ferdigstilling av istandsetjinga. Listverk, dører, varedører reparasjon av trapp og vindauga. Kurs i trekking av lerret og tapetesering av veggane i stoverommet.	Gitt	TG 2 for dører og TG 1 vindauga Det har over fleire år vore gjennomført eit omfattande istandsetjingsarbeid på Bispestova. Eigar er no i slutfasen og det er mellom anna viktig å få ferdigstilt stova slik at den no kan brukast. I tillegg er det mindre tiltak på vindauga og dører som må gjerast. Arbeidet med trekking av lerret og tapetesering av veggane i stova er planlagt gjennomført som kurs der handverkarar i fylket vert invitert til å delta slik at ein får auka kompetansen på denne type arbeid i fylket. Har allereie fått innvilga 100 000 i HNK-sak 56/17 frå førehandsløyvinga for 2018, fylkesdirektøren tilrår at det vert gjeve ytterlegare tilskot til tiltaket no slik at ein kan få ferdigstilt arbeidet.	351 300	Omsøkt sum: 323 300,- kr Framlegg til tildeling: 220 000,- kr
Selvtuftberget brakke 15/8312 – 4 Askeladden id: 87663-1	Omlegging av skifertak og skifting av kledning ca. 50 m2 Flytte ut vindauga og lekte ut for lufting. Oppsetjing av nedrast utebu.	Gitt	Bygningen har ein gamal tekking som ikkje lenger er tett og det er no heilt nødvendig å legge om taket med ny undertekking for å hindre ytterlegare skade på bygningen. Kledningen som skal skiftast er frå tidleg 1980-talet og skal erstattast med kopi av opphavleg kledning. Eigar søker om fullfinansiering det er det ikkje mogleg å gje. Fylkeskommunen har i ettertid	528 000	Omsøkt sum: 528 000,- kr Framlegg til tildeling: 300 000,- kr

				<p>fått stadfesting frå eigar at dei tek differansen mellom tilskot og dei endelege kostnadane ved prosjektet. Fylkesdirektøren vurderer det til at det bør gjevast tilskot til ei delfinansiering av tiltaka på den freda brakka.</p> <p>Oppattsetjing av utebua er ikkje tilskotsberettiga då dette er eit nybygg.</p>		
<p>Heimdalstrand 15/13196 dok 33</p> <p>Askeladden id: 215128-1</p>	<p>Tilbakeføring av trapp frå altanen og ned i hagen.</p> <p>Restaurering av den utvendige dekoren.</p>	Gitt	<p>Tilbakeføring av trappa vil gjere fasaden mot fjorden komplett og huset vil framstå som på Emma Normann si tid noko som er i tråd med føremålet for fredinga.</p> <p>Utvendig dekor er ikkje tilstandsregistrert i askeladden. Fylkeskommunen vurderer tilstanden til å vere TG2 og det er nødvendig å gjere tiltak for å sikre at den ikkje vert ytterlegare skada. Søknaden er godt gjennomarbeida og eigar ynskjer å leige inn målarmeister Kjell Arne Årseth til å gjere dette arbeidet. Fylkesdirektøren til rår difor at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet.</p>	752 000	<p>Omsøkt sum: 575 000,- kr</p> <p>Framlegg til tildeling: 575 000,- kr</p>	
<p>Lovisendal 17/9275 dok 1</p> <p>Askeladden id: 87325-1</p>	Beskjæring av bøk i framkant av huset	Nei, tiltaket er utanfor det freda huset.	<p>Beskjæring av treet er eit sikringstiltak. I tilfelle storm kan treet falle over huset og skade det. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket som eit viktig grep for å sikre huset mot skadar i framtida. Gamle trær rundt dei freda husa er eit viktig landskapselement, og det er difor positivt at eigar kun vil beskjære treet slik at det også i framtida er eit gammalt tre ved hovudhuset på Lovisendal.</p>	75 000	<p>Omsøkt sum: 60 500,- kr</p> <p>Framlegg til tildeling: 60 000,-</p>	

				Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd eit tilskot til dette sikringstiltaket.		
Kaupanger hovudgård, drengestova og vedskjul 15/8819 dok 38 Askeladden id 87643-5 Drengestova 87643-6 Vedhus	Skifte av skifertak på drengestova og vedskjul	Gitt	Drengestova - TG 2 for taket Vedskjul - TG 2 for taket Delar av sutaket er skada og må skiftast, i tillegg må helletaket leggst om og manglande heller supplerast. Drengestova og vedskjulet er ein samanbygd bygning og det er difor hensiktsmessig å reparere taket på begge bygningane samstundes. Bygningane har stått med taklekkasjar over tid og det er difor nødvendig å gjennomføre istandsetjingstiltak på taka slik at bygningane ikkje får ytterlegare skade. Reparasjon av tak er eit prioritert område for tildeling av tilskot og fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd eit tilskot til dette prosjektet.	810 000	Omsøkt sum: 510 000,- kr Framlegg til tildeling: 410 000,- kr	
Fladhammer 16/4690 Askeladden id: 87365-1	Restaurering av vindauga og listverk. Supplering av nytt listverk. Restaurering av ytterdør	Gitt	TG: 2 for både vindauga og dører. Hovudhuset på Fladhammer har bevart mange vindauga frå 17- og 1800-talet, i tillegg til den gamle ytterdøra med omramming. Ytterdøra og dei gamle vindauga er verdifulle bygningselement som må takast vare på. I kjøkkenet vart vindauga skifta ut på 1980-talet med eit moderne vindauga. Dette skal skiftast ut med eit nytt vindauga av same type	309 555	Omsøkt sum: 216 688,- kr Framlegg til tildeling: 220 000,-	

				<p>som dei andre vindauga i langveggen mot tunet.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer tiltaka som viktig å gjennomføre og tilrår difor at det vert løyvd tilskot til det.</p>		
	<p>Ulvikbui 17/9241 dok 1</p>	<p>Restaurering av tak, veggkonstruksjon, og golv.</p>	<p>Nei. Bygningen er ikkje freda.</p>	<p>Bygningen har omfattande skadar som fylje av langvarige lekkasjar. Den står no framføre ei omfattande istandsetjing som er nødvendig for at den framleis skal bevarast.</p> <p>Søknaden er godt utarbeida og skadeomfanget og kostandar med istandsetjinga er godt dokumentert.</p> <p>Eigar opplyser om at dei og har søkt kulturminnefondet om tilskot til dette prosjektet. Men det er ikkje opplyst om kva søknadssummen til Kulturminnefondet.</p> <p>Bygningen er viktig for Lærdalsøyri. Den er ikkje freda men kan vurderast under nemninga særskild verneverdig kulturminne knytta til kystkultur. Fylkesdirektøren tilrår likevel at det ikkje vert gjeve tilskot til dette tiltaket. Dette grunna at det allereie er fleire anlegg som ikkje er freda og som er tilrådd å få tilskot til oppstarta istandsetjingsprosjekt der fylkeskommunen er inne med tilskot. Fylkesdirektøren ynskjer difor å prioritere desse framfor nye prosjekt på ikkje freda bygningar. Eigar har søkt Norsk</p>	<p>1 349 000</p>	<p>Omsøkt sum: 900 000,- kr</p> <p>Framlegg til tildeling: 0,- kr</p>

				kulturminnefond om støtte til tiltaket. Norsk kulturminnefond er oppretta for å gje tilskot til istandsetjing av verneverdige bygningar. Ulvikbui er såleis i målgruppa for deira tilskot.		
Wittgensteinhuset 17/9242-1 Skal flyttast til 16/9420	Gjenoppføring av Ludwig Wittgenstein sitt hus ved Eidsvatnet.	Nei. Bygningen er ikkje freda, fredingssak vert vurdert.	Tiltaket har tidlegare fått eit tilskot på kr. 2 000 000,- og årets søknad er ei vidareføring av den. Tiltaket går etter planen og har god framdrift. Planen er at bygningen skal remonterast på opphavleg stad i 2018. Demonteringa av bygningen syner at den er mindre skada enn frykta og det er difor å forvente at dei antikvariske kostnadane med prosjektet vert noko mindre enn budsjettert. På bakgrunn av dette tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd et noko mindre tilskot enn det som var omsøkt.	6 500 000	Omsøkt sum: 1 000 000,- kr Framlegg til tildeling: 800 000,- kr	
Bensentunet Fjøs 15/8321-10 Askeladden id: 87387-3	Reparasjon av tak på fjøsen. Demontere den gamle taktekinga, reparasjon av taktro og sperr. Legging av nytt torvtak med nye torvhaldskrokar.	Gitt	TG 3 for torvtekinga og TG2 for sperretaket. Taket har lekkasjar og behov for omfattande reparasjonar. Bygningen er viktig i tunet og ei istandsetjing av taket vil hindre nye skadar på bygningen. Istandsetjing av tak er særskilt viktige tiltak for bevaring av dei freda bygningane. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd tilskot til dette prosjektet.	449 212	Omsøkt sum: 385 212,- kr. Framlegg til tildeling: 385 000,- kr	
Yris hotel 15/8779 – 7	Oppattbygging av innvendige rom, avløp og elektrisk anlegg i hotellet.	Usikkert, må ha meir informasjon	Overordna tilstandsgrad på huset er TG 2, på grunn av tilstanden på interiøret.	6 000 000	Omsøkt sum: 6 000 000,- kr	

<p>Askeladden id: 87366-1</p>		<p>om tiltaket før ein kan ta stilling til behov for disp.</p>	<p>Søknaden manglar kostnadsoverslag frå handverkar og informasjon om tiltaket utover stikkord. Ein del av tiltaka vert rekna som oppgraderingstiltak som det ikkje kan gjevast tilskot frå post 71 til.</p> <p>Omfanget av arbeid med interiøret på Yris hotell er stort og kva løysingar ein vel må vere avhengig av den vidare bruken av hotellet. Fylkeskommunen har i fleire år etterlyst ein heilskapleg plan for vidare bruk og istandsetjing av hotellet. Pr. i dag er vi ikkje kjend med at det er laga ein slik plan.</p> <p>Då dette er viktig for den vidare framdrifta for istandsetjinga tilrår fylkesdirektøren at det vert gjeve eit mindre tilskot til delfinansiering av utarbeiding av ein plan for bruk og istandsetjing av hotellet. Denne planen kan så nyttast som grunnlag for nye søknadar om tilskot.</p>		<p>Framlegg til tildeling: 70 000,- kr</p>
<p>Leikvin 16/3577 dok 28</p> <p>Askeladden id: 87367-1</p>	<p>Utbetring av eldstadar. Restaurering av vindauga. Dreneringsarbeid. Utbetring og oppgradering av innvendige originallåser og nøklar. El arbeid – oppvarming og belysning.</p>	<p>Usikker må ha meir opplysingar om tiltaka for å vurdere dette.</p>	<p>Søknaden er noko mangelfull og det er usikkert om arbeida allereie er gjennomført.</p> <p>Fylkeskommunen har etterlyst meir informasjon, men det har vi ikkje motteke.</p> <p>Grunna manglande informasjon i søknaden tilrår fylkesdirektøren at det vert gjeve avslag på denne søknaden.</p>	<p>320 000</p>	<p>Oppgjev ikkje søknadssum.</p> <p>Framlegg til tildeling: 0,- kr</p>

<p>Vonens hus 15/8839 dok 41</p> <p>Askeladden id: 87329-1</p>	<p>Delprosjekt for nytt vatn-vatn varmevekslerbasert varmedistribusjonsanlegg i huset.</p>	<p>Dispensasjon vil bli gitt.</p>	<p>Det omsøkte prosjektet er i hovudsak eit oppgraderingstiltak. Tiltaket vert noko fordyra av omsyn til huset sine antikvariske verdiar. I tillegg vil tiltaket fungere som eit sikringstiltak for bevaringa av interiøret. Ved at luftfuktigheita vert vesentleg redusert. For eigar vil tiltaket også gjere huset meir bruksvenleg.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår at det vert gjeve eit tilskot for å dekke dei antikvariske meirkostnadane ved prosjektet jf. Lov om kulturminne § 15a.</p>	<p>650 000</p>	<p>Omsøkt sum: 350 000,-</p> <p>Framlegg til tildeling: 150 000,-</p>
<p>Håkonstova på Otternes 16/9411 dok 10</p>	<p>Ferdigstilling av det oppstarta arbeidet med istandsetjing av Håkonstova. Oppføring av ny grunnmur, skifte av kledning og tak.</p>	<p>Bygningen er ikkje freda. Fredingssak vert vurdert.</p>	<p>Otternes er eit kulturhistorisk svært verdifullt tun og det er behov for omfattande tilskot for å bevare bygningane. Arbeidet med Håkonstova er godt i gang, men har synt seg å vere meir kostbart enn forventa. I tillegg fekk ikkje stiftinga tildelt heile den omsøkte summen i 2017.</p> <p>Det er tidlegare løyvd kr. 500 000 + 150 000 til dette prosjektet frå post 71. Ei tildeling på ytterlegare 450 000,- vil gjere at prosjektet nesten er fullfinansiert av tilskot frå post 71. Prosjektet må ha meir finansiering frå andre kjelder.</p> <p>Det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at istandsetjinga vert ferdigstilt. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd ein sum som er noko mindre enn omsøkt då</p>	<p>1 030 000</p>	<p>Omsøkt sum: 450 000,- kr</p> <p>Framlegg til tildeling: 400 000,- kr</p>

				grada av finansiering frå post 71 elles vert for høg.		
Eilertstova på Otternes 16/9411 dok 11	Demontering oppmuring og kalking av grunnmur. Utbetre fuktproblem i kjellar. Reparasjon og delevis utskifting av laftekonstruksjon. Reparasjon av dører vindauga takrenner og nedløp.	Bygningen er ikkje freda. Fredingssak vert vurdert.	Otternes er eit kulturhistorisk svært verdifullt tun og det er behov for tilskot for å kunne bevare tunet. Eilertstova er ein sentral bygning i tunet, samstundes som den til liks med Håkonstova er ei halvlemstove. Det er få halvlemstover att i fylket og såleis er det viktig å bevare dei som er att. Eilertstova har i tillegg ein høg grad av autentisitet. Fylkesdirektøren foreslår difor å løyve eit tilskot til denne istandsetjinga.	1 014 452	Omsøkt sum: 430 000,- kr Framlegg til tildeling: 430 000,- kr	
Stabbur i Thomasgarden på Otternes 16/9411-13	Demontering, refundamentering, drenering. Skifte av stabber, gjennomføring. Delevis utskifting av kledning. Ulike andre reparasjonar – ny trapp.	Bygningen er ikkje freda. Fredingssak vert vurdert.	Otternes er eit kulturhistorisk svært verdifullt tun og det er behov for tilskot for å kunne bevare tunet. Stiftinga Otternes bygdetun har søkt om tilskot til tre forskjellige bygningar. av desse har stiftinga vurdert stabburet i Thomasgarden som er det som det hastar minst med av desse bygningane. Stabburet er ein viktig del av heilskapen i tunet, men fylkesdirektøren vurderer det som viktigare att stiftinga får ferdigstilt istandsetjinga av Håkonstova og Eilertstova. Ein er og usikker på om stiftinga klarar å handtere istandsetjing av tre bygningar samstundes. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert gjeve avslag på søknad om tilskot til stabburet for 2018. Tiltaket bør få tilskot	423 700	Omsøkt sum: 200 000,- kr Framlegg til tildeling: 0,- kr	

				seinare når den oppstarta istandsetjinga av Håkonstova er ferdigstilt.		
Kaupanger houvdgård Låven	Dekking av meirkostnadar i samband med måling med linolje.	Eigar har fått avslag på søknad om disp. for å måle med moderne type måling.	Søknaden bør innvilgast då eigar ikkje fekk lov til å nytte moderne måling. Meirkostnadane med å nytte linoljemåling i standan for modernemåling bør difor dekkast, jf. Lov om kulturminne § 15a.	13 348	Omsøkt sum: 6522,- kr Framlegg til tildeling: 6 000,- kr	
Askelund hovudhuset 15/8101 - 33	Reparasjon av 4 ytterdører. Reparasjon av 10 vindauga.	Må vurderast, behov for dispensasjon avheng av omfanget av tiltaket.	Manglar fotodokumentasjon av skadane. Manglar kostnadsoverslag frå utøvande handverkar. Må bli ferdig med oppstarta prosjekt og bli betre på rapport og rekneskap.	700 000	Omsøkt sum: 500 000,- kr Framlegg til tildeling: 0,- kr	
Hovland	Dekking av meirkostnadar som fylje av gitt dispensasjon ved måling av huset.	Gitt	Søknaden omfattar dekking av meirkostandar som fylje av vilkår sett i dispensasjon frå fredingsvedtak. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd tilskot jf. Lov om kulturminne § 15a. Då søknaden kom inn etter at fylkeskommunen hadde sendt vår søknad om tilskot til Riksantikvaren var ikkje denne summen med i vår søknad. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at dette tilskotet vert dekket av rentemidlane av ikkje utbetalte tilskot frå post 71 for 2017, samt tilbaketrekte midlar frå 2015 som ikkje er blitt brukt.	135 000	Omsøkt sum: 45 000,- kr Framlegg til tildeling: 45 000,-	